


Ord i alvor om «kulturelt misbruk» av B-preparat

AV EIVIND VESTBØ
allmennlege på Finnnøy og
tidligere Utposten redaktør



Tittelen er inspirert av ein kronikk som forfattaren Alfred Hauge skreiv i Aftenbladet 14. okt 1980 under overskrifta «Ord i alvor om medikamenthysteriet». Artikkelen bygde på eit radio-kåseri forfattaren haldt i programposten «Tankar i tida». Hauge gjer seg her til talsmann for eit standpunkt som dei fleste legar kjenner frå den årelange debatten om bruken av B-preparat.

Han skriv:

«Sovetablettar – og sidan: Lette ataraxica – har eg for min del brukt uavlatande i over 30 år no. Eg var i si tid ein av dei såkalla prøveklutar her til lands, og eg skal aldri gløyma då den ytterst pinefulle spenninga slepte taket i meg etter dei første gongers tablettbruk. Og eg legg til: eg vil aldri ha tilbake dei pinefulle år på minimal svevn og med tilnærma konstant nervespenning. Eg vil ha det liv eg no har, aktivt, effektivt, med fasettert kjenslefylde, resten av mine levedagar, i den grad medikament kan hjelpa meg med det, som dei hittil av gjort.»

Sitatet minner om ein av fire problemstillingar som har blitt B-preparata til del gjennom åra. Poenget hans er at det finns vanlege psykiske lidningar der kronisk bruk av B-preparat i kontrollerte doser er ei god og effektiv løysing med svært moderate biverknader. Dette er eit standpunkt som mange allmennpraktikarar og nokre psykiatarar deler. Dei to neste problemstillingane er òg velkjente, men godt løynde mellom forfattaren sine lett harmdirrande spissformuleringar, nemleg at preparatene òg blir brukt som rusmiddel og at ein del pasientar mister kontrollen og får eit forverrande tilvenningsproblem.

Den fjerde problemstillinga er òg lett å få auge på, men ikkje så ofte omtala. Alfred Hauge kjem uforvarande innom ho der han skriv:

«Eg veit at det eg seier no, vil bli til hjelp for mange av dei som høyrer på. Eg veit dette fordi eg alltid og utan unnatak har fått ein overveldande respons når eg ved skilde høve har skrive om dette emnet.»

Og Alfred Hauge fekk og respons frå fleire av mine pasientar som han kjende godt personleg. Eg hadde vore i distriktet mitt i 6 år og såg som så mange legar på denne tida at bruken av B-prep i dette lille øyriket ikkje var eit medisinsk problem, men eit kulturelt. Eg spissformulerte meg og i ord og tale, lanserte uttrykket 'det kulturelle misbruk', og lånte fyndord av andre som «husmorhasj», «indre kosmetikk» og «avhaldsfolket sin alkohol» for å reisa debatt. Ein debatt som eg meinte burde først på kulturell meir enn på medisinsk mark. Dei blei til slutt avisskriverier og ei heil meiningsbryting.

Eg har grunn til å tru at Alfred Hauge som er fødd og oppvaksen i mitt distrikt og med sterke bånd til fleire av pasientane mine, blei provosert. Han skreiv: 'Det er no på gong eit antimedikamenthysteri som det bør skapast motførestelligar mot'.

De starta med at eg gjorde ei reseptundersøking i slutten av 1970 åra som synte at mine B-preparater dryssa spreidd ned over ei rekke eldre kvinner, dei færre igjenlevande mennene og ei mindre gruppe kvinner mellom 40 og 60 år. Alle andre grupper var «fråverande» og praktisk tala ingen var daglege brukarar. Typiske merknader ved B-reseptfornyningar var. «Ho mor er så gamal. Kan ho ikkje få bruka sine sovemedisiner i fred». «Eg er ingen misbrukar, Vestbø, men eg blir så nervøs når det bles på fjorden.» «Eg skal snart til tannlegen, og då er det godt å ha eit lite glas på hylla.»

«Du unner meg vel ein tur til byen og uten tablettan orkar eg ikkje reisa.» «Det går ein møteserie på bedehuset nå. Uten medisinen kan eg berre ikkje ta del.» Og alle sa og kunne dokumentera at dei hadde sine 50 tablettar i et halvt eller eit år.

Det grunn til å tru at Alfred Hauge mistolka responsen han fekk frå pasientane. Han trudde at det var dei sterkt lidande som ikkje fekk lindring, medan dei som gav respons eigent-

leg var dei friske som hadde behov for kjemisk trøyst for sine kvardagsproblem. Og sidan har denne kategorien føreskrivingar vore mi største hodepine sjølv om mange kollegar vil sjå på dette som eit luksusproblem. Ikkje fordi biverknadane er så store, men fordi eg er ein pushar i eit sosialantropologisk landskap. Sosialantropologane kan fortelja oss om korleis rusmiddel har utvikla seg frå rite til invasjon av kvardagen som smøremiddel for sosial omgang, gratifikasjon og lette av dei tyngande kvardagar.

Eg seier ikkje at bruken er gal. Eg greier berre ikkje å finna meg til rette i forsynarrolla. Eigentleg burde samfunnet ta konsekvensen av den rådande kulturen og selja småpakingar med B-preparat på Rimi i lag med kløestillande middel. Ølmonopolet er borte, kvifor ikkje ataraxicamonopolet. Kontroll må ein vel ha, men å gjera legar til pollekspeditørar må vel vera ei syrleg form for medikalisering. Diskusjonen må sjølv sagt førast utanom faget. Det er akkurat som med sjukemeldingar. Utsegnet «eg trur eg går og sjukemelder meg» har sin parallell i «eg trur eg må få tak i noko å roa nervene på.» Og så sit vi der då og bryt tilråingar i Fellskatalogen, omforente faglege retningslinjer og velmeinande vegleing frå sentrale styresmakter. Det er legane som må syna ansvar blir det sagt. Sjøvsagt må dei det, men det kulturelle misbruk vil halda fram så lenge ikkje samfunnet set det på dagsorden. Men vil mange nok det? Kanskje treng eit fleirtal kjemisk lindring. Kanskje *er* den varsame og kontrollerte bruken av B-preparater «avholdsfolkets alkohol», som smører og lindrar i små og umerkande doser? Alfred Hauge har nok ei stor gruppe av våre pasientar med seg når han slutter artikkelen slik:

«Men ein alvorleg sak er det å framstilla ein medikamentbruka som ein fange innelåst i si flaske, slik vi fekk sjå det på TV. Heller vil eg seia at medikamentet er ein Aladdins lampe mang ein gong. Og ikkje for at vi skal få stiga inn i eit magisk Aladdintilvære, men for at vi skal få hjelp til å greia vår kvardag.»